



DEN NORSKE KIRKE

Sauherad og Nes sokn

Møtebok for Sauherad og Nes sokneråd

Møtedato: 01.09.2016
Møtetid: kl. 18:00
Møtestad: Nes menighetshus (Kyrkjekontoret)

Til stades:

Anlaug Jorunn Bergan, Anne-Inger Lunner, Tora Skjerkholt Aarnes, Målfrid Nygård Laskemoen, Gunlaug Sørgaard Fjellstad, Geir Valle, Johannes Sand, Rune Nilsen (kom kl 19 da sakene var ferdig drøfta)

Meldt forfall:

Lars Roe, Anne Marie Etholm, Jarl Olav Rugtveit.

Saker

Sak 000021 Generell orientering om drifta

Kyrkjeverja orienterte om at kyrkjegardane har sett bra ut i sommar pga bra med personalressursar. Så har treverket i Sauherad kyrkje blitt vaska og måla i sommar. Arb. er utført av innleigd arbeidskraft.

Sak 000022 Ny nettløysing for inn- og utmelding av kyrkja

Kyrkjerådet har no laga ein elektronisk sjølvbetjeningsløysing slik at alle som vil kan gå inn og sjekke sin medlemskapsstatus i Den norske kyrkja, og evt. endre den.

Som kyrkjestab må vi no vere meir proaktive for å fange opp endringar, spesielt innmeldingar og fødsjar.

Sak 000024 Ting som skjer framover

Det bleiblr delt ut ein oversikt over aktiviteter som skjer i soknet vårt utover hausten

Andre saker

- Tidspunkt for møtestart blei drøfta, og dei som var til stades var samde om at kl 18 passar bra.
- Tora S Aarnes orienterte om at ho, som landbrukssjef, hadde spurt om ungdomane i *tGif* vil ha ein «ungdomsstand» på Eplefesten i slutten av september.
- *Sissel Muan* (trusopplæringsvikar) og *Kristian Køhn* (prest i 20 % stilling) blei presentert som nye medarbeidarar i staben.
- Så fekk Ivar Solbu overrakt ein gavesjekk som takk for 40 års trufast teneste som soknediakon.

Sak 024/16 Personalreglement

Kyrkjeverja er usikker på om det er vedteke eit personalreglement for Sauherad og Nes sokn (tidl.kirkelige fellesråd). Eg har funne eit relativt omfattande reglement frå tidleg 2000-tal (sjå vedlegg). Det synast å vere eit standardisert oppsett som i varierende grad er tilpassa lokale forhold. Dette kan vere eit godt utgangspunkt for å lage eit oppdatert personalreglement, men å lage eit uttømmende reglement for ei lita verksemd som vår vil vere både arbeidskrevjande og lite ønskeleg.

Fram til 1997 var dei som jobba i kyrkja, med unnatak av presten, tilsett i kommunen, og dermed omfatta av kommunen sitt personalreglement. Etter at soknet blei eige organ har ein vidareført denne praksisen. Mest konkret dreier det seg om å følgje gavreglementet til kommunen <http://personalhandbok.kf-infoserie.no/-5564?Instance=3382202> sidan dette er aktuelt til eikvar tid.

Kyrkjeverja tilrår at det blir gjort vedtak om som ein hovudregel å følgje kommunen si personalhandbok.

Forslag til vedtak:



DEN NORSKE KIRKE

Sauherad og Nes sokn

Soknerådet vedtek å leggje kommunen si personalhandbok til grunn i personalsaker.

Møtebehandling:

Vedtak:

Det bør utarbeidast ei personalhandbok for dei kyrkjeleg tilsette, men det bør skje i samarbeid med nabosokna i prostiet. Inntil dette er på plass blir kommunen si handbok bruka som retningsgivande.

Sak 025/16 Nytt misjonsprosjekt

I møte 25. mai (sak 02016) vedtok soknerådet at det «..støtter misjonsutvalet i val av nytt misjonsprosjekt. Rådet ber utvalet avslutte noverande prosjektavtale med Normisjon og inngå ny avtale med Det Norske Misjonsselskap om *Fokus Thailand*.

Forslag til vedtak:

Sokenrådet inngår ny misjonsavtale med Det Norske Misjonsselskap om *Fokus Thailand*.

Møtebehandling:

Vedtak:

Sokenrådet inngår ny misjonsavtale med Det Norske Misjonsselskap om *Fokus Thailand*. Avtala blir underteikna på soknerådsmøtet 20. oktober 2016.

Sak 026/16 Menighetsweekend 2016

Tidleg på 2000-talet blei det fleire år på rad arrangert menighetsweekend på Vatnar ungdomssenter. Desse samla mange både unge og eldre i kyrkjelyden.

Etter fleire års opphald kom det ynskje om å ta dette opp igjen, og dei to siste åra har soknerådet arrangert menighetsweekend på Jønnbu fjellkyrkje siste helga i oktober (laurdag/sundag).

Forslag til vedtak:

Soknerådet ynskjer også i år og arrangere menighetsweekend på Jønnbu, og utnemner flg personar til arrangementskomité;

Møtebehandling:

Vedtak:

Soknerådet ynskjer også i år og arrangere menighetsweekend på Jønnbu. Anne-Inger og Lillil spør flg personar om å vere med i ein arrangementskomité; Sissel Muan (tursopplærer), Marte Vale Wang, Morten Wang + nokre konfirmantforeldre.

For Sauherad og Nes sokneråd

Trond Haugen
kyrkjeverje